

Protokoll for: Felles soknerådsmøte

Sted: Drengestøga

Tid: Tysdag 3. februar 2026, kl. 19:00 – 21:00

Til stades:

Øye sokneråd:	Aud Synnøve Kvale, Nils Torstein Hermundstad.
Vang sokneråd:	Kristin Bakke Lajord, Tor Erik Berge, Anine Rauken Kattevold, Ivar Eiler Thune Hagerup, Liv Ingeborg Bøland.
Heensåsen sokneråd:	Solbjørg Kvålshaugen, Nils Harald Heen, Unni Elisabeth Flaate, Oddvin Magne Almenning, Elin Rømyhr Haugen.
Høre Sokn:	Marianne Riste, Silje Marie Olimb, Olav Dahl.
Sokneprest:	Ingebjørg Vik Laugaland
Kyrkjeverje:	Silje Hammerstad
Kontorarbeidar v/kyrkjekontoret:	Silje Olimb
Referent:	Silje Olimb/Silje Hammerstad.

Opning v/soknepresten:

Soknepresten heldt ei opning der ho fortalde om kva konfirmantane hadde heldt på med i dagens konfirmasjonsundervisning, og her hadde dei jobba med den kyrkjelege handlinga dåp. Gjennom arbeidet hadde konfirmantane kome fram til 6 setningar som dei meiner kan beskriva kva dåp er:

- Dåpen er dokumentasjon
- Dåpen er å bli med i kyrkja
- Dåpen er å ha Jesus som lys inni seg.
- Dåpen er å få Den Heilage Ande
- Dåpen er å høyre til Gud, Jesus og Den heilage Ande
- Dåpen er at alle er like for Gud.

Soknepresten beskreiv konfirmantane sine setningar som fine faktasetningar ein kan bruka for å forklare kva den kyrkjelege handlinga dåp er, anten om ein er konfirmant, medlem av sokneråda eller medlem av staben i kyrkja.

Godkjenning av innkalling

Innkalling vart godkjent.

Gjennomgang av prosedyre for referat v/sekretær på kyrkjekontoret.

Møtereferat og heimesida til Vang Kyrkjelege Fellesråd:

Kyrkjekontoret vil følgje opp vedtak frå tidlegare sokneråd om å leggja ut møtereferat frå soknerådsmøta, felles soknerådsmøta og fellesrådsmøta på heimesida til Vang Kyrkjelege Fellesråd. I samband med dette ønskjer kyrkjekontoret at referat frå møta blir sendt til kontormedarbeidaren pr. e-post så snart møtet er gjennomført.

Før møtereferata blir sendt til kontormedarbeidaren må dei vera godkjende av sokneråda.

Møtereferata bør være godkjende av sokneråda *innan ei veke* etter at møtet er gjennomført slik at det ikkje går for lang tid, frå møtedatoen til kyrkjekontoret kan leggja referatet ut på heimesida.

Saksnummer og referat frå felles soknerådsmøte

Referatet frå felles soknerådsmøte vil ikkje innehalde saksnummer, då referatet får eit eiga saksnummer hos sokneråda. Soknerådsleiaren i Heensåsen sokn gav ei beskriving av kordan dei har løyst dette med å få referatet frå felles soknerådsmøte inn i sakslista for soknerådsmøta sine. Dei anbefala følgande rekkefølga på sakslista i soknerådsmøta:

Sak 1: Godkjenning av innkalling

Sak 2: Godkjenning av referat frå sist soknerådsmøte

Sak 3: Godkjenning av referat frå sist felles soknerådsmøte

Sak 4 og utover: Andre saker som sokneråda har på lista si.

Gjennomgang og godkjenning av referat frå sist møte

Dette blei ikke gjennomført.

Statistikk for 2025 – Oversikt og innsikt v/sekretær.

Kyrkjekontoret har jobba mykje med deltakar -statistikken for 2025, og kunne på møte leggja fram tal som viste kor mange personar som var innom Kyrkja i Vang sitt rom og tilbod i 2025. På grunn av nytt fagsystem og apper som dei tilsette tok i bruk til registrering rett før jul, har me i år ei betre oversikt over deltakinga enn tidlegare år. Statistikken som vart lagd fram på møte er lagd ved møtereferatet.

Det vart på møte lagt fram eit ønske om å også få ei oversikt som viser samanliknbare deltakertall frå år til år. Presten informerte om at denne informasjonen er tilgjengeleg på nettstaden [Logg inn - Kyrkja vår - samla plan for arbeidet i soknet](#).

Vedtakssak Trusopplæringsplanen – 2026 v/prest og sekretær.

Soknepresten orienterte fyst om endringane for tilskotsordninga for trusopplæring kor midlane no deles ut basert på aktivitet. Endringane tredde i kraft frå 01.01.26. Deretter blei trusopplæringsplanen for 2026 lagt fram for godkjenning av sokneråda.

Vedtak:

Trusopplæringsplanen for 2026 blei godkjend av sokneråda.

Godkjent trusopplæringsplan (datert 02.02.25) er lagd ved møtereferatet.

Gudstenestelista fram til september 2026 v/prest og sekretær.

Gudstenestelista frå februar 2026 til september 2026 vart gjennomgått av soknepresten.

Det vart ikkje gjort nokon endringar i gudstenestelista, men det vart opplyst om at gudstenesta som er planlagt i Høre stavkyrkje den 28. juni kanskje blir flytta til Vang kyrkje den 21. juni i samband med besøk frå Karpatz i Polen. Soknepresten held i saka. Gudstenestelista er lagt ved møtereferatet.

Ofring/ Vårt bidrag til fellesskapet

I samband med gjennomgang av gudstenestelista nemde Høre sokneråd at dei har eit sterkt ynskje om at ein legg mykje større tydelegheit i delen av gudstenesta som omhandlar ofring.

Følgande punkter og forslag kom fram i diskusjonen:

- Sette av god tid i gudstenesteprogrammet til ofringa - som siste del av kunngjeringa.
- Det må tydeleg komma fram kva ofringa går til og kordan ein kan ofre når dette blir kunngjort av klokkaren.
- Til dømes om Vipps-nummer og/eller QR-kode blir vist på salmetavla og i salmebøker, i tillegg til programmet kor Vipps-nummera allereie finst.

Stølsmesser

Heensåsen sokn ønskjer å halde stølsmesse 23. august då denne datoen har vore fast over fleire år.

Høre og Vang sokn høyrer med stølseigarar/potensielle vertar om stølsmesse ein av dei resterande sundagane i august (02. aug., 9. aug., 16. aug. eller 30. aug.), og tek kontakt med kvarandre når dei har fått mogleg dato frå stølseigarar/potensielle vertar.

Kyrkjekontoret tek kontakt med soknerådsleiarane i Høre og Vang dersom dei ikkje har høyrte noko om dato for stølsmesse innan 1.mai.

Dåp og dåpsgudstenester – Lik praksis

Kyrkja skal favne fellesskapen. Presten forvaltar ord og sakrament. Me kan ikkje lova ulike tidspunkt for dåp utanfor gudstenestelista eller leggja til rette for dette. Då mister ein fellesskapen og den felles feiringa av dåpen. Dette handlar og om ressursar, sjølv om desse ikkje skal vektas som hovudgrunn. Me skal med heva hovud kunna informera om ulike datoar for dåp elles i Valdres, dersom det ikkje finst datoar her hjå oss (me er ikkje eit «catering-firma»)

Soknepresten informerte om at ho ynskjer å halda moglegheita open for drop-in dåp i St. Tomaskyrkja dei sundagane ho sjølv er til stades i samband med open kyrkje der i sumar.

Høre sokneråd var veldig tydelege på at dei ikkje ynskjer å ha dåp i konfirmasjons-gudstenesta i Høre Stavkyrkje, då dei meiner at dette er ein veldig uheldig kombinasjon. Det var og fleire på møte som meinte at det ikkje er ei god løysing å kombinere desse.

Soknerådsleiaren i Vang la vekt på at det har gått fint med dåp i konfirmasjons-gudstenester fleire gonger tidlegare, og at dåp og konfirmasjon heng i hop då konfirmasjonen bekreftar dåpen.

Vedtak

Pastoral vurdering skal nyttast. Soknepresten samtaler med alle som kjem med førespurnad om dåp, om dei ulike gudstenestene og moglegheitene.

Det er viktig at det ikkje blir gjort forskjell på folk; at nokon føler at det blir tilrettelagt for nokon og ikkje for andre.

Open kyrkje – Sak frå biskopen v/ prest.

Soknepresten viste fram eit brev frå biskopen som handla om opne og tilgjengelege kyrkjer i Hamar bispedømme, brevet (datert 12.01.26) er lagt ved møterefaratet. Soknepresten utfordra sokneråda på kva slags tankar, ønsker og meiningar dei har i forhold til opne kyrkjer i sitt sokn?

I Vang har me testa ut opne kyrkjer over tid og det er gjort ein del tiltak i Vang kyrkje med omsyn på sikring av enkeltgjenstandar.

Kyrkjeverja påpeika dette med sikring og oppfordra til at me fortset med open kyrkje slik me gjer i dag; kor tilsette, soknerådsmedlemmer eller frivillige er til stades og fører tilsyn når kyrkjene er opne.

Det vart også nemnt at tiltak som opne kyrkjer truleg kan gå innunder det diakonale arbeidet som gjerast i Kyrkja i Vang.

Vedtak

Det vart vedtatt at vidare behandling av saka om opne kyrkjer, blir gjennomført i kvart enkelt sokneråd. Saka om opne kyrkjer blir tatt opp att på felles soknerådsmøte i februar 2027.

Fast plan for revisjon av strategi v/prest.

Presten tok fram strategien for arbeidet i dei fire sokna og bad kvart sokn sjå på korleis dei når måla dei har sett seg ved starte av val perioden. Kort samtale om dette. Det kan være ein nyttig rutine å sjå på strategien midt i perioden for å eventuelt justere.

Soknepresten kom med forslag om at den gamle diakoniplanen som har vore i ro ein del år kanskje bør takast opp att og reviderast i samsvar med det diakonale arbeidet som blir gjort i Kyrkja i Vang pr. dags dato. Det er mogleg at arbeid med diakoniplanen kan utløysa midlar frå bispedømmerrådet, som igjen kan nyttast til, til dømes tiltak som open kyrkje.

Soknepresten foreslo at den gamle diakoniplanen bør sjåast på før neste felles soknerådsmøte til hausten. Ho stilte spørsmål om nokon har interesse av å jobbe med planen i til dømes ei diakonigruppe?

Vedtak:

Saken om diakoniplanen blir tatt opp att på neste soknerådsmøte i september 2026. Fram til da ynskjer soknepresten at sokneråda kjem med innspel til en revidert diakoniplan.

Helsing/gåve til konfirmantar frå sokneråda.

Dette er ein sak som var oppe i felles soknerådsmøte i september 2025. Den gongen vedtok ein at saka skulle takast opp att på nytt i felles soknerådsmøte i februar 2026, med mål om å finna ein løysning på spørsmålet rundt gåver/helsing til konfirmantar frå sokneråda.

Soknepresten kunne informera om at det også i år er ein konfirmant som ynskjer å konfirmere seg i ei anna kyrkje enn kyrkja i heimsoknet sitt.

Vedtak:

Alle sokneråda vil i 2026 gi salmebok til sine konfirmantar, på denne måten oppnår ein likheit for alle konfirmantar.

Konfirmanten mottek gåve og helsing i den kyrkja kor konfirmantens konfirmasjon finn stad.

Heimsokne til konfirmanten har ansvar for å skaffa og levera salmebok til den aktuelle kyrkja der konfirmanten skal konfirmerast, i forkant av konfirmasjonen.

Administrativt:

❖ Dato for neste felles soknerådsmøte:

Onsdag 2. september kl. 19.00 i Drengestøga

❖ Datoar for dugnader på kyrkjegardane våren 2026:

- Vang: Onsdag 6. mai kl. 18.00
- Øye: Torsdag 7. mai kl. 18.00
- Heensåsen: Torsdag 12. mai kl. 18.00
- Høre: Høre gir tilbakemelding om dato til kyrkjekontoret så fort som mogeleg.

❖ Omvisningssesongen 2026

- Øye Stavkyrkje: Torsdag – søndag, f.o.m 18. juni t.o.m 16. august
Åpningstid: 11 – 17 alle dagar
Omviser: Gudrun Niemyer
- Høre Stavkyrkje: Sundag – onsdag, f.o.m 21. juni t.o.m 12. august
Åpningstid: 11 – 17 alle dagar
Omviser: Jon Erling Holtet

❖ Sommarhjelp plenklypp/kantklypp

Kyrkjekontoret kjem til å annonsera etter sommarhjelp i ulike forum ganske snart og her er det **førstemann til mølla!**

Kyrkjevevja stilte spørsmål til om nokon i sokneråda kjenner ungdom som kan vera interessert i sommarjobb i kyrkja og bad om hjelp til å spreia ordet.

Dersom ein veit om nokon som kunne vore interessert, be dei ta kontakt med kyrkjevevja på mobilnr. 902 42 171

Ymse

Engelsktalande kyrkjelyd eller bibelgruppe i Valdres

Soknerådsleiar i Øye tok opp at ho hadde fått spørsmål frå ei amerikansk dame som lurte på om det finst ein engelsktalande kyrkjelyd eller bibelgruppe i Valdres. Soknepresten meinte at det kanskje kunne finast ein kyrkjelyd eller bibelgruppe på Fagernes. Soknerådsleiaren i Øye vil undersøkje saken vidare.

Martinè i Heensåsen kyrkje

Heensåsen sokneråd opplyste om at det vil bli Martinè/framsyning med billett i Heensåsen kyrkje laurdag 17. oktober kl. 15.00 – 17.00.

Vi syng og spelar jula inn i 2026

Kyrkjeverja la fram forslag til korleis me i tida framover på ein enklare måte kan koordinera tidspunkt for «vi syng og spelar jula inn» - arrangementa, då dette har vore ei utfordring dei siste åra.

Forslag 1 er at ein definerer ein fastsett dato for kvart av soknene ved framtidige arrangement. Dette medfører eventuelt ulike vekedagar, då desse flyttar seg. Kyrkjekontoret kan deretter senda ein henvendelse med dei fastsette datoane til kor og korps.

Forslag 2 er at ein på felles soknerådsmøte i februar kvart år landar ønska datoar frå soknerådene sin side vedrørende årets arrangement. Deretter kan kyrkjekontoret senda ein samla henvendelse tidleg på året til kor og korps.

Kyrkjekontoret har fått fleire tilbakemeldingar frå kor og korps om at dei synest det er vanskeleg å sette datoar for arrangementa sjølv, då dei sjølv ikkje har full oversikt over gudstenester og andre arrangement i kyrkjene i desember.

Det bør i framtida avklarast tidlegare kven som står som eigar av arrangementa på grunn av Tono-avgift som må betalast. Kyrkjeverja har nyleg funne ut at dersom arrangementa blir definert som gudsteneste eller musikkandakt slepper ein Tono-avgift, då KA har ein avtale med Tono som gjer at dei betaler avgifta på desse.

Presten påpeikte at det var einigheit på sist felles soknerådsmøte om at denne saka ikkje skulle behandlast før på septembermøte 2026. Dette er ikkje referatført, og kyrkjeverja tok opp saka for å prøve å få til ei endring tidleg på året som kan medverke til enklare koordinering rundt «Vi syng og spelar jula inn» i 2026.

Deltagerstatistikk for kyrkja i Vang - 2025

Kirkelige Handlinger										
Beskrivelse	Enhet	Høre sokn		Heensåsen sokn		Vang sokn		Øye sokn		Deltagere i alle sokn
		Antall	Antall Deltagere	Antall	Antall Deltagere	Antall	Antall Deltagere	Antall	Antall Deltagere	
Gudstener i kyrkja*	stk	12	491	14	453	23	864	15	770	2 578
Åpen kirke	dager	0		0		2	13	4	95	108
Åpen kirke for pilgrimner	dager	2	29	2	30	0		4	75	134
Antall dåpsbarn	dåpsbarn	3		2		2		6		13
Antall konfirmanter	konfirmanter	4		3		3		3		13
Antall Vigslar	stk	0		1	22	1	180	1	65	267
Antall Gravferder	stk	2	90	2	210	5	450	0		750
Sum antall deltagere			610		715		1 507		1 005	3 837

*Info vdr. deltagertallene for gudstjenester i kyrkja (1. linje)

Høre sokn: Deltagertall for gudstjenester i kyrkja inkluderer også deltagere på kvardagsmesse i Høre samfunnshus og støtmesse på Sonstølen

Heensåsen sokn: Deltagertall for gudstjenester i kyrkja inkluderer også deltagere på palmesøndag gudstjeneste på Haukåsen og støtmesse på Torstadstølen

Vang sokn: Deltagertall for gudstjenester i kyrkja inkluderer også deltagere på Morgonsong arrangert i Vang kyrkje ca. 1 gang i måneden, samt deltagere på støtmesse på Helin og deltagere på gudstjeneste holdt av periansk prest som lånte Vang kyrkje til gudstjeneste.

Øye sokn: Deltagertall for gudstjenester i kyrkja inkluderer også deltagere på feiring og gudstjeneste ifm. samefokets dag på Tynkryssset fjellstue, Langfredagsgudstjeneste i Børrelia og Kvardagsmesse i Kulturstøta i forbindelse med årsmøte.

Tilbud/aktivitet/arrangement for barn, unge, voksne og eldre										
Beskrivelse	Enhet	Høre sokn		Heensåsen sokn		Vang sokn		Øye sokn		Totalt antall deltagere i alle sokn
		Antall	Antall Deltagere	Antall	Antall Deltagere	Antall	Antall Deltagere	Antall	Antall Deltagere	
Juletreff på Høre samfunnshus	stk	1	76							76
Leikebryllup for Høre Barnehage	stk	1	25							25
Leikedåp for Høre Barnehage	stk	1	16							16
Bingo i Høre samfunnshus	stk	2	87							87
Høstkonsert med Fjellblom Musikklag	stk			1	100					100
Babysong i Drengestøga	stk					5	62			62
Babysong & Generasjonstreff på Vangsheimen	stk					6	84			84
Julegrøt og Julegrantenning på Drengestøga	stk					1	50			50
Høgtlesing i Drengestøga	stk					6	36			36
Andakter på Vangsheimen	stk					6	138			138
Ekstern konsert: Jenny Jensen	stk					1	30			30
Lys-våken arrangement for barn	stk					1	6			6
Pynting av juletre i Vang kyrkje - 5. klasse v/VBU	stk					1	18			18
Ekstern konsert: Jul med Valdres Mål og Meining	stk					1	185			185
Besøk av Fredheim barnehage i Vang kyrkje	stk					1	43			43
Ekstern konsert: Sivert Holmen " I Krøsshaugens fotefar"	stk							2	58	58
Dugnad på kyrkjegardane	stk	1	20	1	30	1	15	1	10	75
Vi syng og spelar jula inn	stk	1	98	1	104	1	100			302
Høgtidsringing - Julaften & Nyttårsaften	stk	2	7	2	4	2	14	2	8	33
Sum antall deltagere			329		238		781		76	1 424

Sum antall personer innom kyrkjens rom, kyrkjens kyrkjelege handlingar, kyrkjens aktivitetar, tilbud og arrangement ein eller fleire gongar i løpet av 2025	939	953	2 288	1 081	5 261
--	------------	------------	--------------	--------------	--------------

Trusopplæring		
Beskrivelse	Totalt antall deltagere	Kommentar
Dåpsamtale og dåp	13	Totalt antall deltagere = antall dåpsbarn i Vang kommune i 2025.
Babysong i Drengestøga & Babysong/Generasjonstreff på Vangsheimen	146	Totalt antall deltagere= babyer og voksne/eldre som har deltatt på tiltaket
4-års bok	1	Totalt antall deltagere = 4-åringar som har deltatt på tiltaket, øvrige deltagere på gudstjenesten i Heensåsen er talt opp under "gudstener i kyrkja"
Julegraut og julegrantenning i Drengestøga	50	Totalt antall deltagere = Barn og voksne som har deltatt på tiltaket
6-års samling	6	Totalt antall deltagere = 6-åringar som har deltatt på tiltaket, øvrige deltagere på gudstjenesten i Høre er talt opp under "gudstener i kyrkja"
Tårnagent	6	Totalt antall deltagere = Antall 8-åringar som har deltatt på tiltaket, øvrige deltagere på gudstjenesten i Øye er talt opp under "gudstener i kyrkja"
Lys Vaken - arrangement	6	Totalt antall deltagere = Antall 11-åringar som har deltatt på tiltaket.
Konfirmantarbeid	13	Øvrige deltagere på gudstjenesten i Vang hvor Lys-våken gjengen deltok er talt opp under "gudstener i kyrkja"
Sum antall deltagere	241	Totalt antall deltagere = antall konfirmanter som har fulgt konfirmasjonsundervisningen og sto til konfirmasjon våren 2025

TRUSSOPPLÆRINGSPLANEN FOR KYRKJA I VANG - 2026

pr. 02.02.26

Trussopplærings tiltak	Aldersgruppe for tiltaket (Disse blir spesielt invitert)	Forslag til gjennomføring:
Dåpsamtale og dåp	0-0 år	Tiltaket gjennomføres i alle kyrkjene i Vang gjennom heile året .
Babysang	0-1 år	Tiltaket blir gjennomført på Drengestøga og på Vangshelmen (babysong og generasjonstreff) gjennom heile året med unntak av juli måned .
Dåpsdagshelser	1-3 år	Dåpsdagshelser blir laga og sendt ut gjennom heile året av kyrkelyvsmedarbeidar.
Krøllekveld	2-3 år	Detaljar omkring tid og stad for gjennomføring av tiltaket er ikkje avklart pr. 03.02.26
Kirkerottene	3-6 år	Tiltaket blir gjennomført i Vang kyrkje i oktober måned .
4-års bok	4-4 år	Tiltaket blir gjennomført i samband med gudsteneste i september i Heensåsen kyrkje
Førlismoro	5-5 år	Tiltaket blir gjennomført på Drengestøga i desember måned . Vang sokneråd står bak arrangementet.
Dåpskule 1	6-6 år	Detaljar omkring tid og stad for gjennomføring av tiltaket er ikkje avklart pr. 03.02.26
6-årsbok	6-6 år	Tiltaket blir gjennomført i samband med gudsteneste i oktober i Høre Stavkyrkje .
Dåpskule 2	7-7 år	Detaljar omkring tid og stad for gjennomføring av tiltaket er ikkje avklart pr. 03.02.26
Påskeverksted	7-8 år	Detaljar omkring tid og stad for gjennomføring av tiltaket er ikkje avklart pr. 03.02.26
Tårnagentsøndag	8-8 år	Tiltaket blir gjennomført i samband med gudsteneste i mai i Øye kyrkje .
Kreativt Verksted	9-10 år	Tiltaket blir gjennomført på Drengestøga i Desember måned.
Lys Vaken	11-11 år	Tiltaket blir gjennomført i samband med gudsteneste i november i Vang kyrkje .
Mini konfirmant	12-12 år	Tiltake blir gjennomført på Drengestøga i mars og mai måned.
Filmkveld med samtale	12-12 år	Detaljar omkring tid og stad for gjennomføring av tiltaket er ikkje avklart pr. 03.02.26

Konfirmasjon	15-15 år	Tiltaket blir gjennomført på Drenkestøga (konfirmasjonsundervisning) i månedene september til juni i 2026, og i Høre stavkyrkje, samt Heensåsen, Vang og Øye kyrkje i samband med konfirmasjonsgudstjeneste i juni måned.
Ungdomsmiddag Briskeby, Fagernes. I regi av kirken i Valdres	16-19 år	Tiltaket gjennomføres på Briskeby i Fagernes. Tiltaket er eit tiltak i regi av kyrkja i Valdres. Tiltaket blir gjennomført gjennom skoleåret.
Antall tiltak planlagt gjennomført i 2026: 18 tiltak		

Gudstenesteliste for kyrkja i Vang - Februar til September 2026

pr. 02.02.26

Februar 2026					
Dato	Dag	Dag i kirkeåret	Tid	Sted	Beskrivelse
04.02.2026	Onsdag		10:30	Vang kyrkje	Morgonsong
06.02.2026	Fredag	Samefolkets dag	19:00	Øye kyrkje	Gudsteneste i samband med samefolkets dag
15.02.2026	Sundag	Fastelavensundag	11:00	Heensåsen kyrkje	Gudsteneste med nattverd og kyrkjekaffi
18.02.2026	Onsdag	Askeonsdag	13:00	Vangsheimen	Andakt
18.02.2026	Onsdag	Askeonsdag	19:00	Vang kyrkje	Kveldsmesse og årsmøte i Vang sokn
22.02.2026	Sundag	1. søndag i fastetiden	11:00	Høre stavkyrkje	Gudsteneste med nattverd

Mars 2026					
Dato	Dag	Dag i kirkeåret	Tid	Sted	Beskrivelse
01.03.2026	Sundag	2. søndag i fastetiden	11:00	Vang kyrkje	Gudsteneste med nattverd
06.03.2026	Fredag	Kvinnenes internasjonale bønnedag	19:00	Høre stavkyrkje	Kveldsmesse
15.03.2026	Sundag	4. søndag i fastetiden	19:00	Heensåsen kyrkje	Kveldsmesse og årsmøte i Heensåsen sokn
22.03.2026	Sundag	Marias budskapsdag	11:00	Øye kyrkje	Gudsteneste med nattverd
25.03.2026	Onsdag		10:30	Vang kyrkje	Morgonsong
29.03.2026	Sundag	Palmesundag	11:00	Vangsheimen	Andakt
29.03.2026	Sundag	Palmesundag	13:00	Haukåsen	Gudsteneste

April 2026					
Dato	Dag	Dag i kirkeåret	Tid	Sted	Beskrivelse
02.04.2026	Torsdag	Skjærtorsdag	12:00	St. Tomaskyrkja	Gudsteneste med nattverd saman med Lærdal/Årdal
02.04.2026	Torsdag	Skjærtorsdag	19:00	Høre stavkyrkje	Skjærtorsdag gudsteneste m/fotvask
03.04.2026	Fredag	Langfredag	12:00	St. Tomaskyrkja	Langfredag gudsteneste m/orgel og pasjonslesing
05.04.2026	Sundag	Påskedag	09:00	Vang kyrkje	Påskemorgon
05.04.2026	Søndag	Påskedag	12:00	St. Tomaskyrkja	Høgtidsgudsteneste med nattverd
06.04.2026	Mandag	2. påskedag	12:00	St. Tomaskyrkja	Open kyrkje
12.04.2026	Sundag	2. søndag i påsketiden	11:00	Øye kyrkje	Gudsteneste med dåp og nattverd
22.04.2026	Onsdag		10:30	Vang kyrkje	Morgonsong
22.04.2026	Onsdag		13:00	Vangsheimen	Andakt
26.04.2026	Sundag	4. søndag i påsketiden	11:00	Heensåsen kyrkje	Gudsteneste m/nattverd og kyrkjekaffi

Mai 2026					
Dato	Dag	Dag i kirkeåret	Tid	Sted	Beskrivelse
10.05.2026	Sundag	6. søndag i påsketiden	11:00	Høre stavkyrkje	Gudsteneste m/nattverd
14.05.2026	Torsdag	Kristi himmelfartsdag	11:00	Heensåsen kyrkje	Gudsteneste m/nattverd og kofirmantoppsummering
17.05.2026	Sundag	17.mai	10:30	Vang kyrkje	Festgudsteneste
23.05.2026	Lørdag	Pinseaften	17:00	Vang kyrkje	Open kyrkje?
24.05.2026	Søndag	Pinsedag	11:00	Vang kyrkje	Høgtidsgudsteneste med nattverd
25.05.2026	Mandag	2. pinsedag	12:00	St. Tomaskyrkja	Open kyrkje
27.05.2026	Onsdag		10:30	Vang kyrkje	Morgonsong
27.05.2026	Onsdag		13:00	Vangsheimen	Andakt
31.05.2026	Sundag	Treeiningssundag	16:00	Øye kyrkje	Gudsteneste med Tårnagentene og nattverd

Juni 2026					
Dato	Dag	Dag i kirkeåret	Tid	Sted	Beskrivelse
06.06.2026	Lørdag		11:00	Øye kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste
07.06.2026	Sundag	2. søndag i treeiningstida	11:00	Vang kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste
10.06.2026	Onsdag		10:30	Vang kyrkje	Morgonsong
10.06.2026	Onsdag		13:00	Vangsheimen	Andakt
13.06.2026	Lørdag		11:00	Heensåsen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste
14.06.2026	Sundag	3. søndag i treeiningstida	11:00	Høre stavkyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste
23.06.2026	Tirsdag		18:00	Øye stavkyrkje	Jonsokmesse
28.06.2026	Sundag	5. søndag i treeiningstida	11:00	Høre stavkyrkje	Gudsteneste m/nattverd

Juli 2026					
Dato	Dag	Dag i kirkeåret	Tid	Sted	Beskrivelse
05.07.2026	Sundag	Aposteldagen	12:00	St. Tomaskyrkja	Fellesgudsteneste m/nattverd sammen med Lærdal/Årdal
12.07.2026	Sundag	7. søndag i treeiningstida	12.00	St. Tomaskyrkja	Open kyrkje
19.07.2026	Sundag	8. søndag i treeiningstida	12.00	St. Tomaskyrkja	Open kyrkje
26.07.2026	Sundag	9. søndag i treeiningstida	12:00	St. Tomaskyrkja	Gudsteneste v/Årdal & Lærdal

August 2026 - forslag til dato for stølsmesser					
Dato	Dag	Dag i kirkeåret	Tid	Sted	Hvilke sokn ønsker stølsmesse når?
02.08.2026	Sundag	10. søndag i treeiningstida	12.00	??	Stølsmesse?
09.08.2026	Sundag	11. søndag i treeiningstida	12.00	??	Stølsmesse?
16.08.2026	Sundag	12. søndag i treeiningstida	12.00	??	Stølsmesse?
23.08.2026	Sundag	13. søndag i treeiningstida	12.00	Heensåsen	Stølsmesse i Heensåsen.
30.08.2026	Sundag	14. søndag i treeiningstida	12.00	??	Stølsmesse?